

STORD KOMMUNE
Postboks 304
5402 STORD

Vår dato: 12.01.2022
Vår ref.: 202113705-11

Saksbehandlar:
Silje Aakre Solheim
sajas@nve.no

Dykker ref.:

Mellombels løyve til å senke vasstanden i dam Lønningsåsen i Stord kommune i Vestland

Vi syner til dykker søknad av 6.9.2021 om løyve til mellombels å senke vasstanden i dam Lønningsåsen.

Om søknaden

Stord kommune søker om løyve til mellombels å senke vasstanden i dam Lønningsåsen. Dammen er bygd i betong, er ca. 6 m høg og ca. 27,5 m lang. Dammen er plassert i konsekvensklasse 3.

Grunngjevinga for søknaden er at dammen ikkje tilfredsstiller gjeldande krav til sikkerheit. Det er søkt om å halde vasstanden nede i inntil fem år. Dette er meint som eit mellombels tiltak i påvente av at dammen blir sett i forskriftsmessing stand. Kommunen vil tømme dammen heilt ved å opne dammen sitt botntappeløp og la dette stå ope. Dette fører til at vasstanden vil bli senka frå HRV/normalvasstand på kote 57 ned til om lag kote 51,3 som er botn i magasinet ved dammen. Dette er for å ha god tilgang til begge sider av dammen i utgreiingsperioden og i anleggsperioden som vil følge når planlegging og utgreiing er fullført.

For å få grunnlag til å velje den optimale tekniske løysinga har kommunen sett i gong ein prosess for å utgreie og kalkulere aktuelle alternativ for kva som skal gjerast med denne dammen. Alternativ som vil bli vurdert er fleire. Eit er å sette i stand dammen og behalde dagens vasstand i magasinet. Eit anna er å bygge ein lågare dam og legge til rette for friluftsliv omtrent slik som området vert brukt i dag. Eit tredje alternativ kan vere å fjerne dammen og deretter tilrettelege området for annan form for aktivitet.

Dammen ligg i eit bustadområde og det går turstiar rundt magasinet. Det er mykje ferdsel i området og det er etablert stupebrett og badestige. Det er også registrert ei raudlista plante, soleigro (EN) i magasinet.

Det var opphavleg planlagt å senke vasstanden innan 1.11.2021, men på grunn av behandling av denne søknaden måtte dette utsetjast.



Høyring

Søknaden er handsama av NVE etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale styresmakter, interesseorganisasjonar og aktuelle partar for fråsegn. Søkjar har fått fråsegna til kommentar.

Statsforvaltaren i Vestland uttaler i brev av 4.11.2021:

«Vi ber om at det vert vurdert tiltak for å sikre førekomsten av soleigro, ut over det har vi ingen avgjerande merknad til mellombels senking av vasstanden i dam Lønningsåsen i Stord kommune.

Vi viser til oversending av 1. oktober 2021.

Bakgrunn

Dammen tilfredsstiller ikkje dagens krav til tryggleik, og det er planlagt å oppgradere/legge den ned innan 5 år. For at dammen skal vere sikker i perioden fram til endeleg avgjerd krev NVE at nivået i magasinet blir senka innan 1.11.2021.

Dammen er plassert i konsekvensklasse 3. Vasstanden vil bli senka frå dagens HRV/normalvasstand på kote 57 til ca. kote 51,3 som er botn i dammen.

Vår vurdering

Det er ein førekomst av soleigro i dammen i Lønningsåsen. Soleigro er raudlista som sterkt truga (Artsdatabanken 2015), og er svært sjeldan. I tillegg til dammen i Lønningsåsen er den i Noreg berre funne i Ådlandsvatnet på Stord, i Tveitvatnet på Huglo, i Vevatnet på Tysnes, og i Orrevatnet på Jæren.

Førekomsten i Lønningsåsen er liten, og skal vere planta ut på 1930-talet med materiale frå Ådlandsvatnet. Slik sett er førekomsten mindre viktig enn dei andre førekomstane, som er både naturlege og større. Det er likevel grunn til å gjere forsøk på å ta vare på førekomsten i Lønningsåsen, sidan arten har så få førekomstar i landet.

Det er naudsynt å tappe dammen for å gjennomføre tiltak. Om det er mogleg å behalde ein mindre vasspegel her, òg under den midlertidige tømminga av magasinet, vil vi tilrå dette. I så fall må ein forsøke å flytte flest mogleg av dei kjende plantane med soleigro ned til ny vasskant.



Blir det gjort midlertidige tiltak for å ta vare på soleigro i dammen, og arten overlever desse tiltaka, tilrår vi at ein ved val av permanent løysing for dammen, legg til rette for å vidareføre dammen som veksestad for soleigro.

Området er eit lokalt viktig friluftslivsområde, vi reknar difor med det kan vere store brukarinteresser knytt til vatnet. Som avbøtande tiltak bør det leggast til rette for god informasjon ut til publikum, både i forkant og undervegs.»

Bente Rasmussen uttaler i brev av 1.11.2021:

«Vannverket på Stord



Som nærmeste nabo til «Vannverket» vil eg og familien gje uttrykk for stor bekymring og sorg for ei mogleg nedtapping av vatnet.

Eg har budd ved vatnet sidan byrjinga av 1960 saman med mine foreldre. Eg er vaks opp her og nye generasjonar har kome til.

Dette er ei perle for nablaget og etter kvart ein større del av beboarane på Leirvik. Vannverket har vore til glede som «arena» for leik og idrett, i seinare tid også som rekreasjonsområde med ein flott tilrettelagt tursti langs vatnet. Den tid det var vinstrar, var det mykje skeising på vatnet og mykje bading om somrane. No er det bading mest heile året, og her er mykje folk som nyttar staden kvar dag som rekreasjon.

Som nære naboar har me kunne følgd med på aktivt fugleliv og stor aure som har vore nett som husdyr og kome inn til kanten for å bli mata til faste tider. Vatnet er også biotop for ei sjeldan, freda plante som kommunen er plikta å ta vare på.

Det må finnast andre løysingar enn å tappe ned vatnet for å imøtekome krava frå NVE, slik at denne idyllen av ei naturperle midt i eit elles utbygd område, blir tatt vare på for nablag og innbyggjarar på Leirvik.

Vi er også svært bekymra for dei konsekvensane ei nedtapping vil føre til for eigedommane rundt vatnet med omsyn til grunnvasstanden, stabiliteten i massane, lukt og korleis området blir sjåande ut. Vi ber NVE stille krav om at dei tiltak



kommunen set i verk, tek omsyn til naturmangfoldet, teknisk tryggleik for eigedommane rundt og ikkje minst verdien av eit rekreasjonsområde tett på bustadfelta.»


Berit Johannesen uttaler i brev av 6.11.2021:

«Som nabo til dammen ser eg det som underleg at Stord Kommune ikkje har teke kontakt for å informere om prosessen om senking av vassstanden. Tidlegare var det sagt senking 2 meter, no ynskjer kommunen å tømme dammen. Med fem år frist for å avgjera kva som skal skje vidare, ser eg moglegheiten for gjenoppbygging av dammen som svært låg. Eg ynskjer at ein held seg til 2 meter senking, det vil og gi betre kår for raudlista plante. Dammen har vore her i over hundre år, det er ingen som har noko forhold til kva som var opprinnleig. Som første kjelde til vassforsyning i Leirvik har dammen kulturhistorisk verdi, i tillegg til rekreasjonsverdi som er omtala fleire stader.»

Einar Fjelldal uttalar i brev av 9.11.2021:

«Som ein av dei nærmaste nabane til dam Lønningsåsen er eg svært uroa over lagnaden til eigen tomt dersom vatnet fjernes. Det virkar som om kommunen ikkje har vurdert erosjon og fare for ras/skred frå eigedomane rundt dammen. Sjølv om husa forhåpentlegvis står på trygg grunn er me nabane redde for at store deler av tomtene vil siga ut i eller rasa ut i hølet som vert att som eit sår etter den flotte dammen. Rapporten fra NorConsult, som kommunen bygger mykje av saka si på nemner ikkje denne sida av saka.

Før dammen tappes ned må dette undersøkes og belyses skikkeleg. Vedlagt er bilete av mitt hus og nabohusene.»



Sunnhordland Botaniske foreining skriv følgjande i brev av 10.11.2021:

«Det er planer om å tappe ut "vannverket" i Lønningsåsen på Stord. Vi gjør oppmerksom på at det i strandsonen i dammen vokser soleigro, en meget sjeldent og



utrydningstruet plante. På Stord finnes den i to lokaliteter - i "Vannverket" og i Ålandsvatnet. Ellers finnes bare en forekomst på Tysnes, og en på Jæren. I brevaksjonen fra miljøministeren for en del år siden om spesielle og truete arter fikk Stord kommune som oppgave å ta spesielt vare på soleiegro.

Vi ber om at det tas hensyn til dette, slik at soleiegroen fortsatt kan vokse på lokaliteten. Det kan f.eks. gjøres ved at det blir en dam i området, med strandlinje nok til at soleiegro kan ha levelige forhold. Hvordan dette skal gjøres ellers må overlates til kommunen, men vi ber innstendig om at kommunen konsulterer et fagkyndig biologisk miljø før det blir gjort inngrep i området.»

Stord kommune som tiltakshavar har fått høringsuttalane til kommentar. Vi har motteke følgjande kommentarar frå dei:

«...

- *Botanisk forening for Sunnhordland ber om at kommunen tar kontakt med fagkyndig biologisk kompetanse for å forsøke å ta vare på forekomsten av Soleigro. Det ønsket er mulig å etterkomme.*
- *Statsforvalteren har ingen motforestilling mot tømming, annet enn at kommunen bør forsøke å bevare forekomsten av Soleigro i perioden når dammen er nedtappet. Det ønsket er også mulig å etterkomme.*
- *Einar Fjelldal uttrykker bekymring for stabiliteten i områdene rundt vatnet. Foreløpig geologisk rapport er utarbeidet. Kommunen vil nå engasjere kvalifisert hjelpe til å gjennomføre testboring for å undersøke dybde til fast fjell på de punktene som geologen har merket som usikre.*
- *Bente Rasmussen beskriver dammens store verdi som rekreasjonsområde. Hun ønsker å begrense nivåsenkingen til 2 meter. Hun er dessuten bekymret for stabiliteten i området rundt dammen. Til det første kan anføres at for å kunne utføre arbeid må dammen uansett tømmes. Det er derfor mest praktisk å tømme dammen nå istedenfor å vente til senere. Stabiliteten i området vil bli nærmere undersøkt (se forrige pkt.). Når det gjelder dammens verdi som rekreasjonsområde må en være klar over at dette er et midlertidig tiltak for å opprettholde tilstrekkelig sikkerhet mot brudd på dammen. Det vil bli avgjort senere om dammen i Lønningsåsen vil bli opprettholdt som en rekreasjonsperle også i fremtiden.»*

Tilleggsopplysningar etter høyring

I e-post av 5.1.2022 har søker sendt oss ein rapport frå Multiconsult, som har gjort grunnundersøkingar i området. Konklusjonen frå denne rapporten er at det ikkje er fare for setningar i området rundt dammen når magasinet vert tømt.

NVE si vurdering

NVE kan gi løyve til avvik frå normal vasstand i medhald av vassressurslova § 8.



I søknaden er senking av vasstand framstilt som eit mellombels tiltak. Dette omgrepet nyttar NVE vanlegvis når det er snakk om tiltak som skal vare frå nokre dagar til ca. eitt år. Her har de søkt om å få tømme magasinet i inntil fem år. Dette meiner vi normalt sett ikkje kan reknast som eit mellombels tiltak.

De skriv i søknaden at ei senking skjer i påvente av rehabilitering av dam Lønningsåsen, men nedlegging av vassdragsanlegget er også nemnt som eit alternativ. NVE har forståing for at de har fleire vassdragsanlegg som krev merksemd og vedlikehald, og at det er snakk om høge kostnadar. Vi meiner likevel at det er uheldig at de har utsett ei avgjersle om kva som skal skje med anlegget. Dette gjeld spesielt sidan dette vassdraganlegget ligg svært tett på busetnad og såleis har verdi for allmennheita som nærturområde og badepllass.

Damsikkerheit

Dam Lønningsåsen vart bygd i 1913 og fungerte då som magasin for drikkevatn. I 1936 vart høgda på dammen auka. Dammen er ein kvelvdam i betong. Den er ca. 6 m høg og 27,5 m lang. Dammen er vedtatt plassert i konsekvensklasse 3.

Vassressurslova er tydeleg på at eigar av vassdragsanlegg har eit ansvar for å vedlikehalde anlegget jf. vassressurslova § 36. Dersom anlegget ikkje er i bruk og anleggseigar ikkje lenger ønskjer å vedlikehalde anlegget, skal anlegget leggast ned og området så godt det let seg gjere tilbakeførast til naturtilstand jf. vassressurslova § 41.

Det har ikkje vore utført vedlikehald av dammen på svært mange år og den er i svært dårlig forfatning. Konklusjonen frå revurdering den 4.12.2020 er at dammen ikkje oppfyller krav til sikkerheit i damforskrifta og at tiltak snarast må setjast i verk. På grunn av sikkerheit vil kommunen senke magasinet som eit mellombels tiltak i påvente av at dammen skal settast i stand.

Ei tømming av magasinet er godkjent som mellombels tiltak av NVE sitt damtilsyn. Vi vil presisere at damsikkerheit har høg prioritet. Tiltak for å imøtekomme krav i damsikkerheitsforskrifta vil nokre gongar måtte gå på bekostning av naturverdiar eller andre allmenne interesser.

Hydrologiske verknadar av tiltaket

Vasstanden i dam Lønningsåsen vil bli senka med 5,7 m frå kote 57 til ca. kote 51,3, som er botn i magasinet ved dammen. Det er planlagt at situasjonen skal vere slik i inntil 5 år då dammen anten skal vere rehabilitert, eller lagt ned. Senking av vasstand skal skje ved å opne dammen sit botntappeløp og la dette stå ope.

I dag renn vatn frå overløpet ned i eit mottaksbasseng med sluk. Vidare renn det til nabokammer og i røyr til gatesluk. Tiltakshavar skriv at systemet sin kapasitet ikkje er kjent i detalj og at ved større flaum vil heile kvelvdammen fungere som overløp sidan det er svært lite fribord ved dammen. Vatn som i slike tilfelle ikkje går til mottaksbassenget vil renne over plassen nedstraums dammen og vidare til Orrebrotet. Noko av vatnet vil renne inn i same gatesluk som vatn frå ventilkammer.



Ved å halde botntappelua open som no er planlagt vil ein truleg klare å kanalisere alt vatnet gjennom botntappeluka til mottaksbassenget også ved større flaum.

Den planlagde senkinga inneber i praksis ei tørrlegging av heile magasinet. I følgje tiltakshavar vil tilsiget truleg renne som ein liten bekk gjennom det som tidlegare var magasinbotn.

Naturmangfald

Det er registrert ein raudlista art i magasinet. Planta Soleigro har raudlistekategori sterkt trua (EN), og er svært sjeldan. I Noreg er den berre funne på fire andre lokalitetar enn i dam Lønningsåsen. Ein av desse lokalitetane er Ådlandsvatnet på Stord. I følgje Statsforvaltaren i Vestland er førekomensten i Lønningsåsen liten, og den skal vere planta ut på 1930-talet med materiale frå Ådlandsvatnet. Dei meiner difor at denne lokaliteten er mindre viktig enn dei andre som er både naturlege og større. Sidan arten er så sjeldan er det likevel grunn til å gjere forsøk på å ta vare på førekomensten i Lønningsåsen.

Både Statsforvaltaren og andre høyningspartar, mellom anna Sunnhordland Botaniske foreining meiner at viss det er mogleg å behalde ein mindre vasspegel også med senka magasin er dette å anbefale. I så tilfelle må ein forsøke å flytte mest mogleg av dei kjende plantene med soleigro ned til ny vasskant.

Søk i Artskart og Naturbase den 6.1.2022 viser ikkje andre registreringar av raudlista artar eller viktige naturtypar enn soleigro.

Det planlagde tiltaket vil utan tvil være svært uheldig for den førekomensten av soleigro som finst i dam Lønningsåsen. Planta veks på breidda av innsjøar og den finst flytande på overflata eller også under vatn. Arten spreiar seg i hovudsak vegetativt med fugl og vatn og har liten eller ingen frøsetting. I følgje Artsdatabanken ser det ut til å vere noko ueinighet om kor vidt endring i vasstand er positivt eller negativt for arten.

På grunn av damsikkerheit er dette eit tiltak som må gjennomførast sjølv om det vil ha negative konsekvensar for soleigro. Som tidlegare omtala skriv søkar i e-post til NVE den 6.1.2022 at det truleg ikkje vil vere att noko vasspegel i det heile teke når magasinet vert tappa ned til damfot. Dette gjer det vanskeleg å skulle ivareta dei plantene som veks der.

NVE ber om at de vurderer om det er tiltak som kan gjennomførast for å behalde noko vasspegel i magasinet utan at det kjem i konflikt med damsikkerheit. Kan de vere tilstrekkeleg å senke vasstanden færre meter enn det som no er planlagt? Viss det å tømme magasinet heilt er einaste løysinga som tilfredsstiller krav til eit mellombels tiltak, meiner vi likevel at de må ta kontakt med Statsforvaltaren i Vestland for å få rettleiing i forhold til om det er andre tiltak som kan gjerast for å prøve å ivareta noko av førekomensten av soleigro.



Forholdet til naturmangfaldlova

Alle instansar med myndighet innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om å tømme magasinet i dam Lønningsåsen legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, høyringsuttalar og NVE sine eigne erfaringar. NVE har også gjort eigne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 6.1.2022. Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, og for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlag er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

I influensområdet til dam Lønningsåsen er det registrert førekomst av arten soleigro som er sterkt trua (EN). Ei eventuell tömming av magasinet i dam Lønningsåsen vil etter NVE si meining ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4, men det vil vere i konflikt med forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5. På grunn av at føremålet med tiltaket er damsikkerheit meiner NVE likevel at dette er ei ulempe som må aksepteraast.

NVE har også sett påverknaden frå tömming av magasinet i dam Lønningsåsen i samanheng med anna påverknad på naturtypane, artane og økosystemet. Den samla belastninga på økosystemet og naturmangfaldet er såleis vurdert, jamfør naturmangfaldlova § 10. Den samla belastninga er vurdert til ikkje å vere så stor at den er avgjerande for konsjonsspørsmålet.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal vektleggast i særleg grad.

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærmare i våre merknadar til vilkår dersom det vert gjeve konsjon. I tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12, vil det vere tiltakshavar som ber kostnadane av dette.

Landskap og brukarinteresser

Naturbase viser at magasinet ligg i eit registrert viktig friluftslivsområde. Magasinet ligg i tilknyting til eit bustadfelt og fleire høyringsuttalar peikar på området som eit rekreasjonsområde.

Ei senking av vasstand som omsøkt vil i praksis bety ei tørrlegging av magasinet. I følgje søker vil det neppe vere att ein vasspegel og tilsiget vil truleg renne som ein bekke gjennom magasinet. Dette vil opplevast som skjemmande for dei som bur tett på magasinet og for dei som brukar området til rekreasjon. Det omsøkte tiltaket vil ha store negative konsekvensar for allmenne interesser knytt til landskap og friluftsliv.



NVE meiner det er uheldig at kommunen ikkje allereie har bestemt seg for kva som til slutt skal skje med dammen. Ei slik avklaring ville truleg kunne ha gjort tiltaket meir akseptabelt for dei som brukar området. Hadde det vore avgjort allereie no at dammen til slutt skal rehabiliterast ville ein visst at det no omsøkte tiltaket faktisk berre var mellombels. Hadde det i motsett fall vore teke avgjersle om å legge ned anlegget ville ein allereie no kunne ha gjort tiltak for å legge området til rette for ein anna type aktivitet. NVE har forståing for at kommunen må bruke tid på å vurdere kostbare tiltak, men de har visst i lang tid at denne dammen er i dårlig stand.

På grunn av sikkerheit er dette eit tiltak som må gjennomførast sjølv om konsekvensane vil opplevast som store for allmenne interesser. Vi meiner likevel at tidsaspektet kan avgrensast noko og vi vil stille krav til framdrift slik at kommunen må ta ei avgjerd på kva som skal skje med dammen i framtida.

Kulturminne

NVE kjenner ikkje til at det er kulturminne registrert i området.

Isforhold

Sidan heile vasspegelen truleg forsvinn er ikkje dette temaet relevant.

Flaum, skred og erosjon

NVE har ikkje kunnskap om at dam Lønningsåsen ligg i skredfarleg eller flaumutsett område. Nokre høyningsuttalar ytra bekymring for kor vidt ei senking av magasinet vil ha konsekvensar for stabiliteten i grunnen under dei husa som ligg nærmast. I e-post av 5.1.2022 har søker sendt oss ein rapport frå Multiconsult, som har gjort grunnundersøkingar i området. Konklusjonen frå denne rapporten er at det ikkje er fare for setningar i området rundt dammen når magasinet vert tømt. NVE har ikkje gjort vurderingar av dette temaet og det er kommunen sitt ansvar at de ikkje utfører tiltak som fører til skade for på andre sin eigedom.

Samfunnsmessige fordelar

Den planlagde tömminga av magasinet vil gjere vassdragsanlegget sikkert fram til det er bestemt kva som skal skje med det vidare.

Oppsummering

Dam Lønningsåsen er ein dam i konsekvensklasse 3. Den er i dårlig stand og det er behov for oppgradering. I påvente av avgjersle om dammen skal rustast opp eller leggast ned søker Stord kommune om mellombels løyve til å senke vasstand i magasinet. I praksis inneber dette ei tørrlegging av heile magasinet. Tiltaket vil vere svært negativt for den raudlista arten soleigro. Allmenne interesser som landskaps, friluftslivs og brukarinteresser vil også bli vesentleg negativt påverka. Den planlagde tömminga av magasinet er nødvendig av omsyn til damsikkerheit, og ulempene for allmenne interesser må i dette tilfellet difor aksepterast. NVE vil likevel sette ein kortare tidsfrist for kommunen til å ta ei avgjersle på kva som skal skje vidare med vassdragsanlegget.



Konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at med vilkår om tidsavgrensing, innsending av framdriftsplan og kontakt med Statsforvaltaren i Vestland angåande avbøtande tiltak for soleigro, vil fordelane med det omsøkte tiltaket vere større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Stord kommune løyve etter vassressurslova § 8 til å tømme dam Lønningsåsen fram til 1.1.2025. Løyvet er gjeve på nærmere fastsette vilkår.

Løyvet blir gjeve på desse vilkåra

- Før de startar tømming av magasinet skal de ta kontakt med Statsforvaltaren i Vestland for rettleiing om eventuelle avbøtande tiltak for soleigro som ikkje er avgjerande for damsikkerheit.
- Ein plan for rehabilitering av dammen, eller ein søknad om konsesjon for å legge ned vassdragsanlegget (jf. vassressurslova § 41) skal sendast inn til NVE **innan 1.1.2024**.
- Perioden med nedtappa magasin må gjerast så kort som mogleg.
- Ved brot på dei fastsette reglane gitt i lova eller i medhald av lova pliktar konsesjonæren etter krav frå NVE å bringe forholda i lovleg orden. NVE kan fastsette tvangsmulkt ved brot på reglane i konsesjonen eller andre reglar med heimel i lov.
- NVE føreset at Stord kommune har ordna dei privatrettslege tilhøva som eventuelt måtte bli skadelidande som en følgje av tiltaket.

Om klage og klagerett

Sjå vedlegg om rett til å klage.

Med helsing

Inga Nordberg
direktør

Gry Berg
seksjonssjef

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner



Mottakarliste:

STORD KOMMUNE

Kopimottakarliste:

ARNSTEIN HETLESÆTER

Ole Dan Lundekvam

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

TBD - Seksjon for damsikkerhet

VESTLAND FYLKESKOMMUNE



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	<p>Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker fra den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå fra den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket.</p> <p>Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.</p>
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	<p>Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du:</p> <p>Skrive kva for vedtak du klagar på.</p> <p>Skrive kva for eit resultat du ønsker.</p> <p>Opplyse om du klagar innanfor fristen.</p> <p>Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen.</p> <p>I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.</p>
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unntake offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	<p>Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndighet.</p> <p>Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.</p>
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekka vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.



Kvar skal du sende
klagen?

Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED),
men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no.

NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar
vedtaket vil vi sende klagen til OED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31,
32 og 36.